



Kunnskapen om at sola alltid står opp i aust og går ned i vest, og korleis ting kastar skugge, vart brukt til å lage solur. Eit solur er ein tidsmålar som brukar plasseringa til sola på himmelen til å vise kor mykje klokka er.

Det eldste soluret i verda stammar frå ca. år 1450 f.Kr.





Egyptarar i oldtida oppdaga at lengda på skuggen til obeliskene (høg steinstøtte) som sto ved inngangane til templa varierte med tida på døgnet.





På grunn av at jorda går rundt sola éin gong kvart døgn, ser det ut som at sola og månen flyttar seg over himmelen.


Menneska har lenge brukt gangen til sola og månen over himmelen for å måle tid.




visar



skugge



urskive



Eit solur målar tida ut frå kvar sola står på himmelen.

Soluret består av ei urskive og ein visar som stikk opp frå urskiva.

Visaren kastar ein skugge på urskiva slik at ein kan lese av tida på urskiva.

